



Rettleiar for  
leidningar og  
arbeidsvarsling  
kommunale  
vegar i  
Os kommune

Os kommune

2014

**30.7.2014**

# RETTLEIAR FOR LEIDNINGAR OG ARBEIDSVARSLING KOMMUNALE VEGAR I OS KOMMUNE

## LEIDNINGAR

Rettleiaren legg til grunn at «[Forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledninger over, under og langs offentlig veg](#)» og «Veileder: Ledninger i riksveger» frå 8.10.2013 vert gjort gjeldande for kommunale vegar i Os kommune med følgjande tilpassingar/avklaringar:

Tekst i «Veileder: Ledninger i riksveger»		Tilpassning for kommunale vegar i Os kommune
Punkt	Tekst	Tekst
A 1 d)	«Vegmyndigheten og Vegtrafikksentralen (telefon 175)»	«Vegmyndigheten v/driftsleiar Jan Terje Lund, 982 34 431»
A 5	«sendes til Statens vegvesen i den region hvor arbeidene utføres»	«sendast via digitalt skjema på <a href="http://www.oskommune.no">www.oskommune.no</a> »
A 6	«Vegdirektoratet er klageinstans for vedtak som gjelder riksveger.»	«Os kommune ved Klagenemnda er klageinstans for vedtak som gjeld kommunale vegar»
B 4.3	Nytt punkt	Nytt punkt Garantitid
C 3.2	Graving i veg, gang/sykkelveg og fortau	Vert erstatta med nytt punkt, sjå under.
C 4.4.1	Generelt	Vert erstatta med nytt punkt, sjå under.

### B 4.3 Garantitid

Garantitid gjeld 3 år frå dato for ferdigsynfaring. Leidningseigar/entreprenør er ansvarleg for ferdigstilling.

### C 3.2 Graving i veg, gang/sykkelveg og fortau

Leidningar som vert lagt langs veg skal som hovudprinsipp plasserast lengst ut mot 3 meter frå vegkant. Oppfyllingshøgde over røyr/leidning skal normalt vere minimum 50 cm under føresetnad av at det vert brukt røyrmateriale som ikkje deformerer seg. Slik minimums oppfyllingshøgde over røyr/leidning skal også gjelde der leidningar kryssar veg.

For tilfelle der det er fastsatt ei større avstand etter veglova § 32, første ledd, 2. punktum, kan leidningen leggjast med ei mindre oppfyllingshøgde over røyr/leidning enn 50 cm når ein er over 3 meter frå vegkant, dersom leidningseigar samtidig aksepterer denne risikoen dette fører med seg for skade på leidningen ved trafikkhendingar på vegen, drift og vedlikehald av vegarealet m.m.

For rør inntil 125 mm er det tilstrekkelig med 40 cm oppfyllingshøgde over røyr/leidning.

Ved legging av leidningar i gang- og sykkelveg og fortau skal dei same prinsippa som for legging av leidningar i vegen, gjelde, jf. over, men her kan det setjast lempelegare krav.

Vegmyndigheita kan sette egne vilkår om annen overdekning for ulike ledningstyper, vegtyper og graveteknikker som for eksempel microtrenching. For eventuell microtrenching kan dette vurderast dersom leidningseigar samtidig aksepterer denne risikoen dette fører med seg for skade på leidningen ved trafikkhendingar på vegen, drift og vedlikehald av vegarealet m.m. Sjå også krav i vedlegg 1.

For at dekket utanfor graveområdet ikkje skal undergravast og skadast, skal det i asfaltdekker skjærast minimum 50 cm utanfor prosjektert topp grøftekant og parallelt med denne, før gravearbeidet starter. Viss utføringa av arbeidet fører med seg at det vert grave utanfor prosjektert topp grøftekant, skal asfaltdekket skjærast minimum 50 cm utanfor utført topp grøftekant.

For dekker av gatestein og tekkstein fjernast dekket i 50 cm breidde utanfor prosjektert topp grøftekant, tilpassa dimensjoner på tekksteinen. Steindekker skal om mulig brukast om igjen.

Viss det skal graves nærmere kantstein enn 30 cm, må denne tas opp og setjast på nytt.

Den enkelte vegmyndigheit må sjølv gjera ein eigen vurdering av krava til oppfyllingshøgde over røyr/leidning og kva metodar som bør nyttast for å leggja leidningane i den aktuelle vegen. I vurderinga skal også andre samfunnsinteresser inngå. Krava i denne rettleiaren er ikkje til hinder for at ny kunnskap og teknologi vert teken i bruk der det er eigna og tek i vare dei krav som vert stilt.

#### **C 4.4.1 Generelt**

Det skal ved reasfaltering etter gravearbeider freistast å få finast mogelege reparasjonar ved at det vert saga og asfaltert i rette liner og mest mogeleg parallelt eller vinkelrett på veglinje/fortaus-kant og liknande.

Ved istandsetting av grøfter som er større enn 10 m<sup>2</sup> skal det som hovudregel brukast utleggar. Anna skal avtalast med veghaldar.

Alle grøfteskøytar skal vere tette. Det skal ikkje finnast sprekker eller krakeleringar langs grøfteskøyt eller i reparasjonsdekket.

#### **Anna**

Merk at det tilkjem gebyr knytta til graveløyver, sjå gebyrregulativet for oppdaterte satsar.

#### Vedlegg:

Vedlegg G-1, «Veileder: Ledninger i riksveger 20131008»

Vedlegg G-2, «Krav til istandsetting etter Microtrenching»

Vedlegg G-3, «Entreprenøren sin egenkontroll ved graving i offentleg veg»

## ARBEIDSVARSLING

I Os kommune er handbok N301 «Arbeid på og ved veg» gjeldande i si heilheit med følgjande tilpassingar:

<b>Tekst i «Handbok N301 Arbeid på og ved veg»</b>		<b>Tilpasning for kommunale vegar i Os kommune</b>
<b>Punkt</b>	<b>Tekst</b>	<b>Tekst</b>
4.0	«Disse kravene til sikring av vegarbeid gjelder for alle vegarbeider på og ved veger hvor Statens vegvesen har det overordnede ansvaret for anlegg, drift og vedlikehold»	«Desse krava til sikring av vegarbeid gjeld for alle vegarbeid på og ved vegar kor Os kommune har det overordna ansvaret for anlegg, drift og vedlikehald»
Vedlegg 2	Tabell kurs side 127.	Viss ikkje kurs o (basiskurs) er tilgjengelig PC-basert, kan anna forsvarleg opplæring verta godteken.
2.1	Søknadar, tilleggskrav	Søknad skal sendast på eige skjema, sjå vedlegg.

### Overgangsordning opplæring:

Fram til 1.1.2015 vil ein akseptera at opplæring er tilstrekkelig i høve handboka når ein har naudsynt erfaring frå liknande arbeid, og er påmeld aktuelt kurs i nær framtid. Dokumentasjon av påmelding må kunna leverast.

### Vedlegg:

Vedlegg A-1, «MAL Søknad arbeidsvarsling Os»